



I kveld har turngutta avvikla tussaturen, som har vorte ein tradisjon og som også i år gjekk føre seg i området rundt skulen og grusbana. I fjor var 28 lag med i regn og i år kom oppslutnaden heilt opp i 40 lag i fint ver. Hvis ein reknar 3 på kvart lag betyr det at godt over 100 var med og svara på oppgåver i skumringstimen. Det er det all grunn til å vera imponert over.

Denne gongen hadde Gina Valvatne laga oppgavene og ho fekk ros for dei.

Det var både pemieutdeling og servering - i det heile eit riktig triveleg møte med den mørke årstida.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen